Emnenr. 12 Herad: Rissa.

Emne: Gamal Engkultur. Fylke: Sör-Tr.lag.

Oppteikna av Johan R. Dybdal. Gard: Krokne[s].

G.nr. 82, br.nr. 24.

Opplysningane har nedskrivaren gje-
vi noko av sjölosyn og noko etter forteljing
av ymse gamle folk i bygda frametter
tida.

---

1) Folk her har nytta ordet eng om slått-
mark på heimegardsjordene. Markaslått
og utslått om slått på stader som ikkje
vart rekna å högra til innmarka på
garden.

Ordet ekre er ålmennt kjend og nytta
her frå gamal tid. Ein nyttar nemningane
gropekker, nyekker, framekker og skimm-
ekker. Dei her nemnde er veksegjevne
og bruksgjevne namn. Höyekkra lik eins.

Framleis: steinekker. „Ta rö (rydja)
steinekker." Tyding: Ta plukka opp små-
steinen av åker som er attlagd til eng.
„Lagd igjen."

Geografisk: Sör- nord- vester- auster-
över- stor- og litleekra

Storekkra er frå ureinneleg tid nam-
net på eit ca. 40 mål (dekar) stort jord-
stykke under ovafore nemnde gardsbruk
som nedskrivaren eig.

Tjukkeng og skimmeng er nytta överalt.
Lik eins skrapeng.

Grodhöy eller graphöy og finhöy er vanlege nemningar.

Gradering i langorvslåttar og stuttorvslåttar er ukjend her. Stuttorvet veit ingen av i bygda her.

2) Rydjing.

Gröste vedfanget vart nytta til brenne på garden. Kvist og röter vart brend på rydningsstaden. Rastveddunge vart (er) ein slik haug av utskot kalla.

Oska var rota utover vollen

Stein ikkje större enn, at 1 kar kunne handlyfta han, var køyrt bort.

3) Mosevaksen eng.

Nokon rådgjerder mot mosevaksen eng i markaslåttar og utslåttar er det ingen her som har höyrd tale om.

Grasfrøsåing på grasvold er ukjend her, men grasfrösåing i åker til attlegg i gamal tid seiest vori bruka av sume.

Timoteifrö og klöverfrö hadde folk her ikkje så like vel før godt og vel ved år 1800.

Sokneprest Rönne, som var her i kallet frå 1809 til 1828, seier i eit etterlate skrift at han var den förste i Stadsbygd prestegjeld som hadde timotei- og klövereng på garden. Han oppgjev at han fekk desse frösorter frå Danmark, der han var ifrå. (Randers).

4) Myr og vassjuk eng. Vatning.

2174

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Etter alt ein veit lyt det seiast at tilleggjing av slåttemyr og markeeng vart det ikkje gjort noko med i gamal tid. Og i ny tid heller ikkje, for no er det ingen her lenger som „fører til markan!"

Ikkje spor etter engvatning.

5) Frå gamal tid har folk her òtteppa gjödsla sætervollar med gjödsla frå sæterfjöset, når visse stykkje var lagde ut (gjerda av) til slåtteng.

Gjödsel frå heimegarden vart ikkje nytta til markaslåttestykkje eller til slåttemyr i utmarka.

6) Vollar (engstykke) på heimemarka som vart gjödsla med vintergjödsel var kalla tuddu.

Föret frå tuddu vart kalla fråu-höy.

7) Ein har ikkje höyrd at omsynet til „fråusiget" har havt noko avgjerande å seia ved tuftval for fjös onna, om dei ville at lannet skulle siga inna (frå) huset.

Åkranes vart lagd både i bakklende og på haugar, men vanleg berre av omsyn til åkrane sjölv (lausvorin jord) og ikkje av omsyn til fråusiget for dei engstykke som låg nedafyre.

8) Enga eller „einni", som dei seier her, vart mest alltid gjödsla berre om våren.

2174
NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

 

De köyrde ut gjödsla på kvensisleda, kasta utover med greipruten og jamna finare med rive eller gjödselvål. (Tjukk l). Somme köyrde og med risveddröy (-dråg) over lendet for å jamna og smuldra gjödsla.

Gjödselvålen var ein kelurk med sjölvvaksi grein på nedst enden. Ein hogg og laga seg slike gjernack for kvar einskild gong ein hadde bruk for dei.

Gjödselspreidinga på engvoll er stort lik eins no og. På storbruk kan dei vel somstad nytta spreidekjerror (maskinkjerror), men ikkje mange hev i bygda nytta slike. — Dei velter lass for lass på vollen, og siden spreider dei med jarngaflen. Fyrr var det ikkje som heldig å finsmuldra naturgjödsla for mykje. Ordet hevd er ikkje kjend i Rissamålet som nemning for gjödsel. Derimot seier dei, at eit jordstykke „er halde i hevd", d.e. i gjödselkraft.

9) Det er bruk å beita engstykke i utmark om hausten samanfengd med utmarka i kring, men jamnast var det skrae etterveekst (hå) på slike stykke. Ein dreiv ikkje krötera ut på desse englappane for skuld det grand gjödsel som fall. Alle engstykke vart beita om det noko beitesgras var.

2174

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Det er nigen inngjarda markaslåt-
tar lenger att i bygda på dei gamle
stadene. Dei går i eitt med beitemar-
ka i kring deim og veks meir og meir
att med lyng, einer, björk, vidje og
annan treslag som „går" på staden.
Myrslåttane er og allstad heilt freda
for Gåen.

10) Markaslåtten opphöyrde i kvissa
stort sett kring siste hundreårsskiftet.

11). Sjå opplysningane under pkt 8.

12) Mjölkekyrne odermakta i sumarfjös
som ikkje var lenger frå bustaden
enn at folk gjekk ~~ditt~~ dit og mjölka
kveld og morgon og bar mjölka
heim. Det var berre setervollane
som fekk gjödsling frå seterfjöset.
Frå sumarfjöset var gjödsla köyrd
heim og brukt på åkrane.

13) Sauer, unghestar og ungdyr elles vart
~~slepte~~ sleppte i marka med eller
utan gjætar, - det siste hundreåret
utan gjætar, og kom ikkje i hus om
natta. Dei var mykje godt drivne
ned i innhegna <u>kvöer</u> attmed ut-
garden for natta. Men i verste
„vargtida" her <u>til</u> kring 1830 var det
vanskeleg å nyta alle kröter i kvea
om natta. Nemninga på slike kröter-
innhegningar var <u>kvö</u>. Somtid var
det og „grimnan", dei hadde slike samle-
stader for kröter, men oftast som led
i gjerde. „Kröterne har kome åt grimnan."

Åt dei <u>flutte</u> kröterne for ei viss tid 2174

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

er det ingen som veit om her, det eg har spurt.

14) I udyrtida var kröterkröene, når dei skulle vera til overnåtting, bygde som hagfellor. Det var skigard med eller utan grøft utafor. Hedd med bar. Skråstilla, utrakande spisse pålar eller stanger på utsida. Det er fleir slike namnestader i bygda, og millom dei to garder som ber dette namnet, — nemleg Sliperhafelle (av garden Sliper) og Bergshafella (av garden Berg).

Ein har ikkje höyrd at kröene var bruka til markaslåttar eller ut-slåttar elles, når det ikkje var i sam-band med saterstöl.

15) Jau, det går segn om ymse rådgjerder til skræmma udyr frå kröene. „Gjera opp röyk". „Slå på tromma". „Rikka med bråkskramla". „Skjota med lausk krut" („Skremskot.) — Og så hagfellpallisaden som er nemnd her före.–

16) Ein har ikkje utsegn om at dei sette ut vakt ved kröterkveane, men omlag trillaust lauk dei halda vakt når udyr var spurd i nærleiken.

17) Det var ikkje skikk og bruk å gje buskapen mat ved *kröa*, det ein har spurt, men *salt* plå deim gje. Mjölkekyr kunne få skulu som vart bore med til *sumarfjösk* frå garden.

18) Ein har ikkje höyrd om serskilde sumarfjös bere for sauer. I vanlege

2174

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

sumarfjøs kunne det sumstad vera ein serskild gare (utt. gale, med tjukk l), og sauene stod der på talle, som vart „båssa" med lauv eller halm.

19) „Trø" er nytta her i tyding ein inn-hegna, open stad for krøter.

Trø er nytta som gardsnamn og namn på jordstykke fleir stader i bygda. (Rissa).

20) Dei hadde inngjerd slåtteland på setrane sumstad i bygda, men ikkje alle. Seterslåtten og seterhøyet var nemningane. Dei gjødsla slåttengstykket på setra med gjødsla som fall frå seterfjøset. Dei spreidde gjødsla lik eins som på heimejorda. Jfr pkt. 8.

21. Det vart ikkje gjødsla med anna ting på setervollen enn kunstgjødsel.

—

Det var oppdrifta på heimejorda som drap markaslatten på alle stader, her. Det løner seg ikkje lenger med tid og arbeid på han i gardsdrifta.-

Rissa den 5. november 1948.
Johan S. Dybdal



NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

S. Tr. Rissa

Ordet „vassdrøy" og varianten „vassdråg" er ållment kjend i Rissa og på bygdene her i kring, men det er berre einskilde av dei gamle som veit kva ordet opphaveleg kjem av, nemleg vassdraging på svolk = mjuk stong, slik figuren nedafor syner det.
Nemninga er no overførd på ei „fol" vatn = 2 bøttar vatn, bore i vassbre, el. vassgrei (nakkstang) over aksla.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING
ADR. NORSK FOLKEMUSEUM
BYGDØY

Ver gild og skriv svaret med blyant på same ark.

Tilleggsspørsmål til nr. 5 Vannbæring. Du seier finnes: „Ei vassdrøy".

I Tinn i Telemark har ein for eit par mannsaldrar sidan bore vatn på ei lang stong. Ein bar den eine enden over aksla, den andre enden drog ein etter seg på marka. Varet hekk på stonga bak ryggen åt den som bar (drog). Ein liten mothake på stonga gjorde at handtaket på bøtta ikkje gleid. Stonga var såpass mjuk at vatnet ikkje skvampla over. Utanom denne opplysninga kjenner ein no denne metoden berre frå Värmland i Sverike. Det kan henda at det tidlegare har vore meir vanleg å bera vatn på denne måten. Hugsar nokon i Dykkar bygd noko om det ?

Vassdråja vart i sers nytta på bakkelende gardar og i innaheldt og ulende, og var i bruk til kring 1860-70.
I motbakke var vassdråja like mektsam, seiest det.



Tilleggsspørsmål til nr. 12.

Finst det noko opplysning om at ein brukar eller har bruka fiskebein og fiskehovud til brensel ? Nei. I skogsbygda Rissa, og myrbygda med, var det heller ikkje trongemål til det.

Har ein bruka kumøkk til brensel ?

Det finst inkje segn om det her i bygda. –

Rissa den 30. okt. 1948.
Johan O. Sylbakk(?)
Rissa

2127
NORSK ETNOLOGISK GRANSKING